



Øystre Slidre kulturskule

meistringsskulen . sjølvtiltskulen . finne seg sjølv-skulen

SØK ELEVPLASS I KULTURSKULEN
FOR SKULEÅRET 2025/26 PÅ

www.oystre-slidre.kommune.no

Søknadsfrist 10. april

KVA ER KULTURSKULEN?

Kulturskulen er eit fritidstilbod og eit opplæringstilbod der barn og unge kan ta del i ulike kulturaktivitetar, som å lære å spele eit instrument, å synge, teikne, spele teater, måle eller danse.

Som elev i kulturskulen møter du ein gong i veka (eller kanskje to), litt som når ein går på fotball, ski, gaming, riding eller andre aktivitetar. Når du kjem til kulturskulen, er vår oppgåve å legge til rette for at du får det tilbodet du ynsker deg og treng, for at du skal lære og utvikle deg med utgangspunkt i dine ynskjer, føresetnadar og interesser.

Som elev i kulturskulen går du på eit tilbod som du ynskjer å vere med på, åleine eller saman med andre, der du får god og kyndig rettleiing av profesjonelle kunstnarar og pedagogar. Desse er lærarar som er interesserte i det same som deg, som har utdanning og brei erfaring, og som kan hjelpe deg til å oppleve meistring, bygge sjølvtillit, og kanskje hjelpe deg til å finne deg sjølv.

I denne brosjyren kan du lese meir om dei ulike tilboda du kan få hos oss.

EIN KULTURSKULE FOR ALLE

Øystre Slidre kulturskule skal vere ein kulturskule for alle. Kulturskulen er eigd og drive av Øystre Slidre kommune, som eit lokalt kultur- og ressurssenter for alle innbyggjarar i kommunen.

Me tilbyr eit variert og tilpassa opplæringstilbod i ulike kunst- og kulturfag til born, unge og vaksne, der føremålet med opplæringa er at eleven skal lære, oppleve, skape og formidle kulturelle og kunstariske uttrykk. Me har om lag 120 elevar på 150 elevplassar, og samarbeider godt med grunnskulen og dei andre kulturskulane i Valdres om organisering av ulike undervisningstilbod, og ved bruk av felles lærarar. Me samarbeider også med skulane om klassekorps ved Rogne og Lidar skule, og har tilbod om musikkbarnehage for dei eldste ungane i Rogne og Beito barnehage. I tillegg tilbyr me konserter og gode kunst- og kulturopplevingar til eit breitt lag av innbyggjarane i kommunen gjennom våre elevkonserter, og med vårt eige lærarband.

Kulturskulen held til i eigne undervisningslokale ved Øystre Slidre ungdomsskule, men underviser også i andre lokale på Tingvang og på grendeskulane. Målgruppa vår er primært born og unge opp til 20 år, men me tilbyr og undervisning til vaksne ved ledig kapasitet, eller gjennom ulike kurs. Undervisninga fylgjer skuleåret og er organisert som gruppetilbod eller individuell undervisning.

Kulturskulen har søknadsfrist med hovudopptak 10.april, men kan ta inn elevar heile året ved ledig kapasitet.



VÅRE UNDERVISNINGSTILBOD:



MUSIKK:

Kulturskulen tilbyr opplæring på fleire instrument innan ulike musikksjangerar. Undervisninga er organisert som individuell undervisning eller som gruppetilbod, der me oppmodar elevane om også å vere med på periodevise samspel, eller søkje band som ekstratilbod. Å spele konsertar er ein naturleg del av musikktilboda.

Om du ikkje finn det instrumentet du ynskjer å lære deg å spele i denne brosjyren, kan det likevel vere ein moglegheit for at me kan få det til. Me kan også tilby tilpassa undervisning i musikkfag til enkeltelevar med særskilde behov. Ta gjerne kontakt med oss med dine ynskjer, så ser me kva me kan få til.

RYTMISK MUSIKK OG SONG

Innan rytmisk musikk, der me i hovudsak har fokus på pop og rock, tilbyr me undervisning på instrumenta ELEKTRISK OG AKUSTISK GITAR, BASSGITAR, TROMMER / SLAGVERK OG PIANO.

Vi tilbyr undervisning på song, og har eige gruppetilbod om SONGGRUPPE FOR 1. – 4. KLASSE.

Elevar i ungdomsskulen som ynskjer å synge i kor, kan no vere med på UNGDOMSKOR for ungdom frå heile Valdres. Tilboden blir starta opp ved stor nok søking hausten 2025. Undervisninga er i Vestre Slidre.



FOLKEMUSIKK og HALLINGDANS:

Øystre Slidre og Valdres har ein lang folkemusikk-tradisjon. Kulturskulen ser det som eit viktig oppdrag å vere med å ta vare på desse tradisjonane, og tilbyr opplæring i **LANGELEIK**, **HARDINGFELE**, **MUNNHARPE OG TORADAR**. I tillegg har vi tilbod i **HALLINGDANS**.


FOLKEMUSIKKUNG

Elevane på folkemusikk og hallingdans vert oppmoda om å vere med på FolkemusikkUng, som er månadlege samlingar for ungdom som går på hardingfele, langeleik, folkesong, munnharpe, toradar og halling i kulturskulane. Tilboden er organisert av Valdres folkemusikkarrangement og Valdres folkemusikklag, i samarbeid med kulturskulane i Valdres.

KLASSISK MUSIKK:

Kulturskulen har eit godt samarbeid med Nord-Aurdal kulturskule om opplæring på strykeinstrument og spel i orkester. Me tilbyr undervisning i **FOLIN**, **BRATSJ**, **CELLO OG PIANO**.

I tillegg til individuell undervisning i Øystre Slidre, er elevane med i ulike samspelsgrupper, orkester og ensemble saman med elevar frå andre kulturskular i Valdres. Mykje av desse aktivitetane går føre seg i Nord-Aurdal, der konsertar, kurs og seminar er ein viktig del av tilboden. Orkestera deltek årleg på Valdres Sommersymfoni og Hemsingfestivalen.



MUSIKKTEKNOLOGI:

Kulturskulen har to tilbod innan musikkteknologi. Musikkteknologi er eit fag som omfattar alt det tekniske arbeidet rundt konsertar, studioarbeid, m.m.

"**LYDLABBEN**" er eit gruppetilbod for yngre elevar som ynskjer å leike og forske på lyd med digitale verktøy. Du lærer å gjere opptak og manipulere lyd og lydbilete med bruk av ulike appar og programvare. I tillegg får du opplæring i rigging og bruk av utstyr til og ved konsertar.

PRODUKSJON OG LYDTEKNIKK er eit fag for deg som allereie har jobba litt med musikk på data, og som ynskjer å lære meir om musikkproduksjon, opptak og miksing i ein studiosituasjon. Faget legg og opp til opplæring i rigging og bruk av utstyr til og ved konsertar.

VIDEO OG STREAMING er ikkje eit etablert tilbod i kulturskulen per i dag, men det er noko me er interesserte i å utvikle ved interesse. Inngangen til faget vil vere å lære å bruke kamera og filmutstyr i opptak til å lage eigne videoar eller videosendingar, der ein planlegg, filmar, redigerer og publiserer eigne videoar. Inngangen til faget kan vere brei, som t.d. å lage podcast, stremme musikk, gaming eller andre ting, å spele inn musikkvideoar eller anna type film. Kontakt oss gjerne ved interesse.



meistringsskulen · Sjølvtiltsskulen · finne deg Sjølv-skulen

KORPS OG BLÅSEUNDERVISNING:

Kulturskulen samarbeider med grunnskulane i kommunen og Øystre Slidre musikkorps om klassekorps i 4. klasse ved Rogne og Lidar skule. Klassekorpset starta som eit prøveprosjekt skuleåret 2024/25, og har mellom anna resultert i etablering av Øystre Slidre skulekorps.

Frå skuleåret 2025/26 ynskjer kulturskulen, i samarbeid med skulekorpset, å legge til rette for at elevar som ynskjer individuell **BLÅSEUNDERVISNING** skal kunne få dette gjennom kulturskulen. Vi ber elevar og foreldre som ynskjer dette tilbodet om å kontakte oss, slik at vi kan starte arbeidet med å finne lærarar og organisere undervisningstilbodet.

TEATER:

Vi samarbeider med Valdres barne- og ungdomsteater og Nord-Aurdal kulturskule om teater-tilbodet i kulturskulen. På **TEATER** jobbar elevane med ulike dramaøvingar og teaterteknikkar, med å bruke fantasien, leike og å improvisere.

Det store målet er forestillingane med Valdres barne- og ungdomsteater på Fagernes på vårparten, der alle elevane får kvar si rolle, og er del av den store felles forestillinga. Rollene vert tilpassa kvar enkelt elev etter ynskje, ferdighet og erfaring. Alle skal ha ei rolle i framsyninga, og alle er like viktige for sluttresultatet.

DU KAN LESE MEIR OM INNHALDET I- OG ORGANISERINGA AV
TILBODA VÅRE PÅ WWW.ØYSTRE-SLIDRE.KOMMUNE.NO



KUNST OG TRÆSLØYD:

KUNST er eit kreativt og skapande gruppetilbod der elevane blir introdusert for ulike kunststilar, gjennom praktisk arbeid med ulike materialar og teknikkar. På kunst har me i hovudsak fokus på teikning og måling, men jobbar også periodevis med andre materialar i t.d. tre og tekstilar. Gruppene er inndelt etter alder.

"SPIKKESKULEN" er eit sløydtilbod for elevar frå 2.-5. klasse. I faget skal eleven lære å bruke tradisjonelle verktøy og ulike handverksteknikkar. Me har stort fokus på meistring og skaparglede, og brukar enkle og tilgjengelege materialar ein gjerne kan finne sjølv i skogen, i garasjen eller vedboden.

NYHETT!

"KULTURFØRSKULEN"

- ein introduksjon til kulturskulen for dei yngste

Kulturførskulen er eit tilbod for elevar i 1.-3. klasse, der dei saman som gruppe skal leike og utforske musikk og andre kulturuttrykk i kulturskulen.

Kulturførskulen skal gje elevane grunnferdigheiter som er kjekke å ha med seg dersom ein vil gå vidare på andre tilbod seinare, og gjev eit betre grunnlag for å velje kva tilbod som passar for dei. Gjennom kulturførskulen blir dei introdusert for ulike instrument, songar og dans, og kanskje litt teater og kunst. Tilbodet vil ha ein fast lærar med ansvar for tilbodet, men dei fleste lærarane våre vil vere innom i løpet av året.

Tilbodet er nytt frå skuleåret 2025/26, og vil bli starta opp ved tilstrekkeleg søking. Du finn tilbodet under rytmisk musikk i søkerkjemaet.

UTVIDA UNDERVISNINGSTID

Det er mogleg å søkje om kjøp av utvida undervisningstid i kulturskulen. Ordinære undervisningstimar er på 20 minutt per veke, men med utvida tid får du 30 minutt per veke. Kontakt faglærar eller rektor om du vil søkje utvida tid.

FORDJUPINGSTILBOD

Kulturskulen tilbyr fordjuping individuelt i ulike musikkfag. Tilboden er for elevar som syner særskild interesse og som har særskilt gode ferdigheter i faget. Elevane kan søkje om fordjupingstilbod etter anbefaling frå lærar. Fordjuping gjev utvida undervisningstid og styrka tilrettelagt undervisning og oppfølging.

ELEVBETALING

Kulturskulen er eit tilbod som er subsidiert frå kommunen. Å vere elev i kulturskulen krev betaling av ein eigenandel per kulturskuletilbod. Kulturskulen fakturerer to gonger i året - ein gong for kvart semester. Prisane er per skuleår.

SATSAR 2025:

Ordinær kulturskuleundervisning:	kr 4268
Undervisning for vaksne:	kr 5766
Langeleik:	kr 3092
Kunstfag inkl. materiell:	kr 4268
Gruppeundervisning (teater, halling)	kr 3092
Gruppeundervisning (band)	kr 2352
Tillegg for kjøp av utvida undervisningstid	kr 1020
Fordjupingstillegg	kr 2060

Vi gjev syskenmoderasjon med 20% reduksjon av ordinær betalingssats for aktuell plass for barn nr. 2, og 50% for barn 3 eller fleire.

REDUSERT FORELDREBETALING

Føresette kan søkje kulturskulen om redusert foreldrebetaling.
Søknadsfristen er 1.oktober. Søknadsskjemaet og meir info finn du på
www.oystre-slidre.kommune.no.

COOP-dugnaden

Foreldre med utfordrande økonomi kan også søkje støtte til elevbetaling i kulturskulen frå COOP-dugnaden. Du kan få hjelp til å søkje via helsejukepleiar på skulane, psykisk helseteneste eller [Røde Kors](#).

KONTAKT OSS:

Øystre Slidre kulturskule
Bygdinvegen 1989
2940 Heggenes

Øystein Skattebu (rektor)
tlf 41 22 28 40
epost. oystein.skattebu@oystre-slidre.kommune.no

